

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo.

Dykkar ref.: 201003720-11

Dykkar dato: 03.02.2016

Vår ref.: 7-F/16-swb

Vår dato: 30.04.2016

Høyringsinnspel, 4 småkraftverk i Vaksdal kommune

Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen handsama høyringssak om 4 småkraftverk i Vaksdal kommune, ref. 201003720-11, i vårmøte i villreinnemnda i Flåm 18.04.2016. Saksutgreiinga og vedtaksframlegg som fylgjer under vart lagt fram. Nemnda sin vedtekne tilråding kjem fram til sist i brevet.

Saksutgreiing

Villreinnemnda har fått konsesjonssøknadar for i alt 4 småkraftverk i Vaksdal kommune på høyring. Mellom desse er det tre kraftverk som har inntak i snaufjell, og då inne i Fjellheimen villreinområde. Desse er

- Steinsdalselvi kraftverk, med 3 inntak danna ved inntaksdam i elv på 740 moh. To av inntaka vert overført via boresjakter på fleire hundre meter, der vatnet vert overført til nedgreven røyrgate i låglandet, medan eit inntak vil få nedgreven røyrgate heilt frå inntaksdammen (inntak 1; på kanten av fjellet over eit parti med stup og skrenter ned mot dalen under. Sjøktboring. Inntak 2 i snaufjellet helt innerst i Steinsedalen, der dalen har flata ut. Sjøkt. Inntak 3 like søraust for indre deler av Steinsedalen, slakt terreng, røyrgate). Det er ikkje planlagt vegar til inntaka. Transport til inntaka vil skje med helikopter. Transport av røyr vil skje på midlertidig anleggsveg i røyrгатetraseen. Det skal ikkje verte nye permanente vegar anna enn til kraftstasjonen i låglandet.
- Nonstadgilet kraftverk med inntak ved utløpet av eit lite tjern på 975 moh (Vetle Nonstadgilvotnet). Det er ikkje planlagt magasinerings, men det vert søkt om å plombere Stora Nonstadgilvotnet, som eit nærliggande vatn, slik at dette får utløp ned mot inntakstjernet. Det aktuelle vatnet har naturleg overløp denne vegen veg høge vasstandar. Vatnet skal førast ut gjennom nedgreve røyrgate på 1850 m. Det vil verte etablert anleggsveg i røyrгатetraseen, i brattaste del av bjørkelia vil vegen gå i svingar utanom. Anleggsvegen er meit revegetert ned til det står att ein trase for ATV som kan gje tilkomst for tilsyn med inntaksdammen.
- Fjellfossen kraftverk med inntaksdam i elv på 750 moh. Vatnet skal først ut ved ei 600 m bora sjøkt før overføring til tilsvarande lang nedgreve røyrgate. Det er ikkje planlagt veg til inntaket, transport til inntaket vil skje med helikopter, alternativt ved taubane.

Om søknadane, konsekvensvurderingane og avbøtande tiltak

Samtlege av konsekvensutgreiingane omtalar at inntaka ligg innanfor villreinområde. Alle syner til viltkartlegging i Vaksdal kommune frå 2004, der arealet er avmerkt som viktig viltområde. Det vert samstundes sagt at området er perifert, og lite nytta av dyra, basert på viltkartlegging i Vaksdal kommune frå 2004 og/eller munnleg utsegn. Dette rimar dårleg med at ein har ein stadeigen flokk i dette fjellpartiet. Berre ein av rapportane syner til skriftlege kjelder om Fjellheimen villreinområde. Villreinnemnda meiner at område sin verdi for villrein er undervurdert.


Det vestlegaste av dei tre prosjekta er Steinsdalselvi. Dette ligg i det som vil danne endefjell i høve til reinsens arealbruk. At dette er tradisjonelle område vel egna for villrein bevitnast m.a. i stadnamn i området. I nærleiken ligg Dyragrova som namnet på ei lita elv/bekk. Namn som peiker på naturtilhøve er gamle, stadnamn med «dyr», og då særleg i fjellet, er knytt til rein.

Saksa fra konsesjonssøknaden for Steinsdalselvi kraftverk:

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

«De høyesteliggende områdene berører Fjellheimen villreinområde. Reinen bruker imidlertid disse vestlige randområdene lite, i tillegg er anleggsperioden ved bekkeinntakene relativt kort. Virkningen vurderes derfor som liten negativ i anleggsfasen. I driftsfasen ventes tiltaket å ha liten negativ virkning på faunaen.» Denne rapporten har Jordhøy og Strand 2008 og Nesheim 2005 i kildelista.

Under avbøtende tiltak i søknaden står det: Anleggsarbeidet skal stoppes dersom det observeres villrein i området.



Saksa frå konsesjonssøknad for Nonstadgilet kraftverk:

«Planområdet ligger innenfor Fjellheimen villreinområde. Villrein er svært sky av natur og trekker seg gjerne unna menneskelig infrastruktur (Heggenes et al. 2010). I anleggsperioden er det stor sannsynlighet for at eventuell villrein i området vil trekke seg unna. Selv om det i driftsfasen vil være lite aktivitet i området, er det likevel mulig at villreinen trekker seg unna, da området ikke lenger er inngrepsfritt fra menneskelig påvirkning. Villreinområdet innenfor Vaksdal kommune er imidlertid forholdsvis marginalt i forhold til reinens bruk, og blir bare sporadisk brukt av reinen.»

I avsnittet om avbøtende tiltak vert det sagt at tidspunktet for anleggsarbeid skal tilpassast reinens bruk av området om det er mogleg. Momentet frå konsekvensutgreiinga om varslingsrutinar og anleggstogg er ikkje teke med.

BM rapporten held fram at området har ein nasjonal/internasjonalt verdi jfr. vurdering av verdi etter normen i DN (Miljødirektoratet) sin Naturbase. Utgreiar vel å senke verdien på bakgrunn av viltkartleggingen til Vaksdal kommune (Overvoll og Wiers 2004) der det vert sagt at dei delane av villreinområdet som ligg innanfor Vaksdal kommune er høvesvis marginale i høve til reinens bruk av området. BM-Rapporten har ingen villreinlitteratur frå Fjellheimen i referanselista.


Rapporten omtalar konsekvensen for villrein slik: «I anleggsperioden vil det bli en del forstyrrelser for dyrelivet i området fra menneskelig aktivitet, anleggsmaskiner, sprengning og annen byggeaktivitet. I

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

anleggsperioden er det stor sannsynlighet for at eventuell villrein i området vil trekke seg unna. Ulempene ved dette vil være midlertidig. Villrein trekker seg dessuten gjerne unna menneskelig infrastruktur og aktivitet (Heggenes et. al. 2010). Infrastrukturen og de tekniske inngrepene i dette prosjektet vurderes ikke å kunne gi vesentlige effekter som unnvikelsesatferd, da det dreier seg om marginal oppdemming på inntil 20 cm av store Nonstadgilsvotn, etablering av mindre dammer samt inntak som vil ta ut vannmengder etter tilsiget, dvs. uten regulering av vannene. Det vil etableres kjørestærkt terreng som tillates revegetert i bunnsjiktet i driftsfasen, og dette vil villreinen lite trolig oppfatte som et lineært inngrep.»

Som avbøtende tiltak vert det føreslege å etablere ein varslingsplan for villrein i området under anleggsfasen, slik at anleggsarbeidet kan stogge ved behov. For å avgrense mogleg auke i ferdsla i området kan ein late den midlertidige anleggsvegen gro att, då vurdert opp mot støy og uroing frå helikopter (eller anna transport (?)), som då vil måtte nyttast for tilsyn av inntaket.

Nonstadgilet kraftverk, øvre del (1:5 000)




Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

Saksa frå konsesjonssøknaden til Fjellfossen kraftverk:

«Ellers vil planlagt vanninntak og øvre del av vannvei ligge like innanfor randsonen av viltområdet Fjellheimen, som er beiteområde for villrein. I den sammenheng har Fylkesmannen i Hordaland har uttalt at det berørte området er temmelig marginalt for villrein slik at konsekvensene for villreinen er ubetydelige.»

Villreinsyn ikkje nemnd i det heile under aktuelle avbøtande tiltak korkje i BM rapporten eller i konsesjonssøknaden.

BM rapporten seier at øvre del av tiltaksområdet ligg innanfor Fjellheimen villreinområde, men utpeikar det som eit randområde, der det typisk går lang tid mellom kvar gong det vert nytta. Det vert sagt at dei planlagde inngrepa i svært liten grad skapar barrierar eller beslaglegger beite. Rapporten syner ikkje til noko villreinlitteratur fra Fjellheimen villreinområde. Kjeldene som gjeld rein er viltkartlegging i Vaksdal kommune fra 2004 og ein rapport frå Norsk villreinsenter frå 2010 om kartlegging av villreinens arealbruk på Hardangervidda.



Vurdering i høve til verknad på villrein

Villreinnemnda vil avvise påstandane i søknadane og konsekvensvurderingane om at desse områda er av liten betydning for rein. Ingen av rapportane skildrar korkje Fjellheimen villreinområdet eller Kringsdalsområdet på nokon måte, sjølv om det vert konstatert at inntaka ligg innanfor Fjellheimen villreinområde. Fjellheimen villreinområde har ei bestand som har lege på kring 500 dyr dei siste åra, no i 2016 reknar ein at stamma har gått noko ned (anslege til 400 dyr). Nedgangen har truleg to hovudårsakar; ei rasulukke vinteren 2014-2015, og låg produksjon kombinert med høg naturleg dødelegheit i 2015 grunna ein snørik vinter og ein ekstremt sein vår.

Villreinområdet har tre delbestandar med nokon grad av utveksling av dyr og -overlappande leveområde. Det minste av desse områda er Kringsdalsområdet, som består av ei «halvøy» i sør-vest der fjellovergangen mellom Eksingedalen og Vaksdal utgjer ei trekkbarriere inn- og ut av området. Det

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

planlagte tiltaksområdet er ein del av Kringsdalsområdet. Her har ein ei stadeigen delstamme, sist registrert til kring 30 vinterdyr. Ytterkantane av snaufjellsområde kan være viktige som vinterbeite, og spesielt på seinvinter og tidleg vår vert låge fjellparti og overgangen mot fjellbjørkeskog inkl. sjøve fjellbjørkeskogen viktig. Villreinen i Kringsdalsområdet finn ofte vår- og forsommarbeite under skoggrensa, på stølsvollar og i open bjørkeskog. Området det her er tale om er ikkje utpeikt som eit særskilt *hovudområde* for vårbeite, men det vert nytta av rein ved ulike høve og er viktig å ta vare på som leveområde. Det er ikkje usannsynleg at det kan kome dyr i nærleiken under anleggsperioden, og det er viktig å ta omsyn om det skulle skje. Er ein heldig kan prosjekta gjennomførast heilt utan konflikt, men ein lyt like fullt ha fastsett rutinar på førehand for korleis ein kan ta omsyn for å unngå uroing av dyr dersom dei kjem inn i området.

Ingen av dei tre søknadane verker å vere kjende med dei øvrige planane som vil gje inngrep i same fjellområde. Det er viktig å legge vekt på sumverknadane av dei i alt 5 inntaka med respektive 6 dammar og tilhøyrande aktivitet. Steinsedalselvi og Fjellfoss ligg med kraftverka sine innanfor same dal.

I alle dei tre sakene er det snakk om elve- og bekkeinntak med beskjedne dammer. Ingen av prosjekta planlegg magasinering og neddemming av areal. Det er ikkje kjend at inntaksdammar i seg sjølv påverkar villreinen sin åtferd eller førar til at dyr held seg unna. Dersom tiltaka fører til mykje menneskeleg aktivitet vil det likevel få ein verknad på rein. Evt. tilsyn med helikopter vil og skremme unna dyr som held seg i nærområda.

Det er viktig at tilsyn vert gjort på ein omsynsfull måte, og at ein unngår helikopterflyging vår og forsommar, dvs mot slutten av drektigheitstida og når simlene har små kalvar. Dersom ein på førehand har forsikra seg om at det ikkje går rein i området er konflikten ikkje tilstade. Det vil fordre ei avtale med SNO eller lokalt fjelloppsyn, t.d. organisert gjennom Fjellheimen villreinutval dersom det vert trong for ei slik avklaring.

Dersom anlegga vert veglause, slik det er planlagt, og nemnde omsyn vert teke i samband med tilsyn av inntaka, vil dei planlagde anlegga ikkje vere i konflikt med villrein i driftsfasen.

I anleggsfasen vil det være viktig å tilpasse arbeidet til tidsromma med minst mogleg bruk, eller når dyra er minst sårbare.

Framlegg til tilråding

Villreinnemnda vil ikkje sette seg i mot at det vert bygd småkraftverk med omsøkt lokalisering. Me fryktar ikkje forringing av beite, og det vil ikkje skapast trekkbarrierar av tiltaka.

Det er viktig at midlertidige anleggsveggar som fylgjer rørygater opp i fjellet vert tilbakeført, slik at ein ikkje får ein veg som kan verte kjelde til allmenn ferdsel. Evt. ATV-trase lyt vere køyrbar kun med lett terrengkjøretøy.

Me vil be om at ein i sakshandsaminga legg stor vekt på samverkande effekt. Anleggsperioden lyt tilpassast til dyra sin områdebruk. Me vil tilrå at den delen av anleggsarbeidet som skal utførast i fjellet ikkje vert sett i gong før 15. juni, så sant det ikkje kan garanterast at heile delstamma held seg i vår- og forsommerbeita aust om Blåvasshorgi.

Tiltakshavar lyt påleggast å ha rutinar der det vert teke omsyn til villrein under anleggsperioden. Dersom dyr trekk inn i nærområda til anlegget bør det stoggast midlertidig til dei har forlate området. Tiltakshavar bør påleggast å syte for ekstra fjelloppsyn i fjellområda der ein kan halde dyreflokkane under oppsikt, og varsle dersom det trekker dyr inn mot anleggsområda.

Handsaming

Under saksframlegget vart inngrepspunkta synt på eit oversiktskart slik at ein kunne sjå samanhengen mellom dei. Nemnda frykta at anleggsveg som skulle endrast til trase for ATV kan verte kjelde til mykje unødig kjøring og med det uroing av området.

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

Vedteken tilråding

Villreinnemnda vil ikkje sette seg i mot at det vert bygd småkraftverk med omsøkt lokalisering. Me fryktar ikkje forringing av beite, og det vil ikkje skapast trekkbarrierar av tiltaka.

Det er viktig at midlertidige anleggsveggar som fylgjer røygater opp i fjellet vert tilbakeført, slik at ein ikkje får ein veg som kan verte kjelde til allmenn ferdsel. Evt. ATV-trase lyt vere køyrbar kun med lett terrengkjøretøy. Av erfaring genererer slike ATV-trasear mykje kjøyring. Trase køyrbar med ATV lyt stogge under skoggrensa for å hindre uroing i villreinens leveområde.

Me vil be om at ein i sakshandsaminga legg stor vekt på samverkande effekt. Anleggsperioden lyt tilpassast til dyra sin områdebruk. Me vil tilrå at den delen av anleggsarbeidet som skal utførast i fjellet ikkje vert sett i gong før 15. juni, så sant det ikkje kan garanterast at heile delstamma held seg i vår- og forsommerbeita aust om Blåvasshorgi.

Tiltakshavar lyt påleggast å ha rutinar der det vert teke omsyn til villrein under anleggsperioden. Dersom dyr trekk inn i nærområda til anlegget bør det stoggast midlertidig til dei har forlate området. Tiltakshavar bør påleggast syte for ekstra oppsyn i fjellområda der ein kan halde dyreflokkane under oppsikt, og varsle dersom det trekker dyr inn mot anleggsområda.

Med helsing Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd

leiar

sign.
Lars Nesse

sekretariat



Siri Wølneberg Bøthun

Kopi til:

Fjellheimen villreinutval v. Arne Nesheim
Stølsheimen villreinvald v. Hildegunn Mugås
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Vaksdal kommune v. elektronisk postmottak